



MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

SAMANSLÅING AV KOMMUNANE GRANVIN OG VOSS, ARKIV OG IKT

Godkjend av administrativ styringsgruppe 8.9.17

Namn på arbeidsgruppa: Arkiv og IT .

Organisering

Leiar: Torbjørn Dale Titlestad

Medlemmer: Kjartan Haugen, Mari Mæland, Kristin Jordal, Tor H. Halvorsen og Torbjørn Titlestad

Tillitsvald:

Mandat/prosjektoppdrag

Bakgrunn og overordna mål for prosjektet

Granvin herad og Voss kommune skal gjennom ein samanslåingsprosess - saman skal me byggja Nye Voss kommune. I den samanheng skal drifta vurderast på nytt.

Førebels fellesnemnd har slutta seg til styringsdokument og ein overordna prosjektplan for etablering av Nye Voss i 2020. Det er vedteke at det skal opprettast arbeidsgrupper etter organisering av tenestene i Voss kommune.

For arkiv og it gjeld dette følgjande tenester:

- IT
- Dokumentsenter tenester ink. arkiv
- Informasjon, herunder inbyggardialog

I tillegg er gruppa satt til å koordinere innføring av nytt kommunenummer

Konkrete mål for arbeidet

- Laga ei funksjonell organisering av tenestene innan it, dokumentsenter og informasjonsarbeidet i Nye Voss.
- Etablere felles arkiv
- Etablere arkiv for fellesnemnd og prosjektet «Nye Voss»
- Sørge for felles (og homogen) IT infrastruktur i «Nye Voss»
- Lede ann arbeidet med digitalisering av tenester i «Nye Voss»
- Støtte alle prosjektgrupper med IT relaterte oppdrag fram til 2020.

Oppgåveskildring

Lage milepælsplan for arbeidet.



Nye Voss 2020

Få oversikt over alle rutinar og reglement og tenester i dei to kommunane som må koordinerast og vedtakast på nytt, eit kartleggingsdokument

- Lage framlegg til korleis tenestene innan it, dokumentsenter og informasjon skal organiserast i nye Voss.
- Syte for at faggrupper får tilstrekkeleg tilgang til IT ressursar.
- Koordinere nytt kommunenummer med faggruppene.

Rammevilkår

Tidsramme: frå 1. august 2017 – til 31. desember 2019

Hovudmilepælar:

Start prosjekt	1.8.2017
Godkjend mandat	1.9.2017
Tidsplan for prosjektet /aktivitetsplan prosjektet	1.11.2017
Kartleggingsdokument	1.12.2017
Statusrapport	1.8.2019
Sluttrapport	1.12.2019

Kostnadsramme: Det er budsjettert med investerings og direkte kostnader. Om lag 6 mill. nok.

Oppfølging av arbeidet

Kostnader: Eige budsjett for investering og drift.

Ressursbruk: Det vert ført timerekneskap for dette prosjektet. Omkostninga skal synleggjerast for fellesnemnda.

Rapportering: Det skal vera eit oppstartsmøte mellom prosjekteigar og leiar for arbeidsgruppa i samband med godkjenning av mandat for arbeidsgruppa . Det skal rapporterast til prosjekteigar ved behov. Arbeidsgruppa gir ein skriftleg rapport til prosjekteigar seinast 1.4.2019.

Avvik frå tidsplanar, og faglege/administrative avgjerder som ligg utanfor prosjektet sitt ansvarsområde skal behandlast av prosjekteigar.

Dato: _____

Dato: _____

Sign.: _____

Prosjekteigar

Sign.: _____

Prosjektleiar